Surnadal
vidaregåande skole

Referat frå møte i skoleutvalet 14.10.26

Møtt: Brage Våbenø 2ST, Arin Andersen 2IN, Even Rodal Haugen 1EL (elevrepr.), Per Arne Hyldbakk (ansatterepr.), Liv Jorunn Aarnes Øverland (vara foreldrerepr. vg1), Mons Otnes, Hugo Pedersen og Robin Tellesbø (samfunnskontaktar), Hilde Andersen (rektor og referent).

Agenda første møte:

- Skoleutvalet – mandat, samansetning og konstituering
- Om skolen
- Skolemiljø
- Status økonomi
- Saker som skoleutvalet ynskjer å arbeide med
- Eventuelt

1. Skoleutvalet – mandat, samansetning og konstituering

Mandat: Skoleutvalet er skolen sitt rådgjevande organ og har rett til å uttale seg i alle saker som gjeld skolen. Skal planlegge, gjennomføre og vurdere verksemda til skolen, mellom anna arbeidet med skolemiljøet, kvalitetsutvikling i opplæringa og fastsetjing av skolereglar.

Samansetning skoleutvalet ved Surnadal vgs er samansett skoleåret 26-27:

Elevrepresentantar: Elevrådsstyret:
Leiar – Stine Kvendset, 3PB, nestleiar – Jo Helgetun Schei 3AU, referent - Ine Hamnes Øye 1ST1, øvrige styremedlemmar: Brage Våbenø 2ST, Arin Andersen 2IN, Even Rodal Haugen 1EL, Synne Skogseth Husby 1HO
Føresette, ein frå vg1-nivå og ein frå vg2-nivå (vald for 1 år):
Vg1: Eirin Kalstø (vara: Liv Jorunn Aarnes Øverland)
Vg2: Møyfrid Torvik Røkkum (vara: Eva-Britt Skjølsvold)
Representantar frå det lokale samfunns- og næringsliv (vald for 2 år):
Samfunnskontakt: Robin Tellesbø - fabrikksjef Pipelife/næringslivet (vara frå organisasjonen)
Samfunnskontakt: Mons Otnes - Kommunedirektør Rindal (vara frå organisasjonen)
Samfunnskontakt: Hugo Pedersen - ordfører Surnadal (vara frå organisasjonen)
Representant for dei tilsette (vald for 2 år):
Per Arne Hyldbakk (vara: Katrine Schei Bergheim
Representant for skoleeigar/fylkeskommunen:
Hilde Andersen - rektor (vara: Kristin Holten - ass. rektor).

Møter: Gjennomførast i skoletida, slik når vi elevane best. Møteramme omlag 1,5 time. Møtet skal starte med at vi set tidsramme for dei ulike sakene. Fysiske møter, men om oppmøte er vanskeleg kan ein delta via Teams. Meld om ev. behov for møtegodtgjering.

Konstituering: Hugo Pedersen vart vald som leiar, Robin Tellesbø vart vald som nestleiar.

Om skolen

Totalt har skolen vedtatt kapasitet til 241 elevar og 13 klassar fordelt på dei fem utdanningstilboda studiespesialisering, bygg- og anleggsteknikk, elektro- og datateknologi, helse- og oppvekstfag og teknologi- og industrifag.

Per dato har skolen 202 elevar, kor omlag 148 er frå Surnadal, 43 frå Trøndelag og 11 frå andre kommunar. Prognosar viser at elevtalet vil gå ned i åra framover.

Skolemiljø

Alle tilsette i skolen har ei aktivitetsplikt. Når vi fangar opp at elevar ikkje har det trygt og godt på skolen skal vi handle raskt og rett.

Skolen har stort fokus på det førebyggande skolemiljøarbeidet. Gjennom systematisk arbeid med trivsel reduserast sjansen for at enkelte opplever å ikkje ha eit trygt og godt skolemiljø. Elevrådet er sentral samarbeidspart i arbeidet.

Skolen har ekstra fokus på ei inkluderande avgangstid, nedfelt i eit årshjul som syner ulike aktivitetar og møtepunkt gjennom året. Alle elevar får avgangsgenser som er designa av elevane sjølv, og skolen skriv samarbeidsavtale med russen kor ein et felles mål er inkludering av alle.

Status økonomi

Budsjett 2026: 30 912 436,-. Status avvik rapportert per 1. august -26: -1 374 910,-. Ein forventar at det negative avviket blir mindre ved årsslutt.

Til samanlikning, tal frå 2025: Budsjett 2025: 31 835 617,-, Rekneskap 2025: 32 271 005,-. Meirforbruk 2025: 435 388,-.

Skolen har hatt eit meirforbruk over fleire år, som blir drege med over i nytt budsjettår.

Saker som skoleutvalet ynskjer å arbeide med

Strategi, klassar og tilbod.

Søkjartal per 1. mars er grunnlag for årleg politisk vedtak i Kompetanse- og næringsutvalet om oppstart av klassar («marssaka»): *65% oppfylling på studieførebuande utdanningsprogram og minimum 6 søkarar for å starte opp klassar innafor yrkesfag.* Ekstra klassar kan bli starta, etter same reglar. Elevane har rett på eitt av sine tre ønsker.

Skoleutvalet drøfta utfordringa med søknadstal, oppstart av klassar og fagtilbod. Opptakt til diskusjonen var vårens inntak, kor spesielt studiespesialisering hadde lang venteliste. Talet på elevar som venta på skoleplass var ikkje høgt nok til å starte ein ekstra klasse.

Vedtak: Skoleutvalet vil arbeide for at flest mogleg elevar i regionen får sitt første ønske når dei søkjer skoleplass. For å nå dette målet må skolen ha størst mogleg breidde i sitt tilbod, både når det kjem til utdannings- og programfagtilbod.

Skolen sin kapasitet er styrt av ein 3-årig fylkesstrategi for tilbod som blir rullert årleg. Her er den vedtekne strukturen for dei 20 vidaregåande skolane i fylket: Dagens skolestruktur - Møre og Romsdal fylkeskommune.

Sist høyring på tilbodsstrukturen var 1. september -26. Her er lenke til høyringa inkl. grunnlag: Høyring: Tilbodsstruktur for vidaregåande opplæring 2027 - 2030 - Møre og Romsdal fylkeskommune.

Oversikt over datoar og agendaer for politiske møte i Fylkeskommunen finn de her: Møte, saker og vedtak - Møre og Romsdal fylkeskommune.

Saka blir sett opp att på neste møte. Medlemmane førebur forslag på tiltak, og argument for breidde i tilbodet som kan brukast i det vidare arbeidet. Medlemmane tek kontakt med rektor ved behov for hjelp til å finne anna informasjon.

Trafikksituasjonen

Elevrådet er opptekne av trafikksituasjonen på Øye-området. Ved skolestart var dei eit samanstøyt nede på parkeringsplassen mellom ein bil og ein el-sparkesykkel. Det gjekk heldigvis godt denne gongen. Elevrådet ynskjer at det settast opp sperrer frå gangfeltet og inn mot parkeringsplassen, slik at ein ikkje kan ta «snarveg», men må følge gangfeltet slik som tenkt. Hugo tek innspelet med vidare. Elles er medlemmane i skoleutvalet samd i å arbeide haldningsskapande i sine fora.

Elevundersøkinga og elevmedverknad

Elevrådet er ikkje fornøgd med at skolen årleg får dårlegare resultat en landsgjennomsnittet på elevundersøkinga. Dei meiner at dette ikkje stemmer med slik det faktisk er. I år har dei laga klar lysark med tilhøyrande diskusjon som handlar om kva elevmedverknad er. Tillitseleven skal gjennomføre opplegget i eigen klasse i samarbeid med kontaktlærar.

Eksempel på andre saker som elevrådet arbeider med akkurat no; Utval i kantina, Operasjon Dagsverk, temperatur på klasserom og speil i garderobane i idrettshallen.

Eventuelt

- Ungdomsråd: Hugo ynskjer at elevrådet gir tilbakemelding om kva representantar som skal sitte i Ungdomsrådet i kommunen. Elevrådet har planlagt dette inn som sak på elevrådsmøte førstkommande fredag.
- Internasjonalisering/Erasmus+: Skolen sender årleg elevgrupper på opphald i utlandet. Dette er finansiert gjennom EU-midlar/Erasmus+. Det er faglærar som er ansvarleg for turen. Føresetnad for gjennomføring er kopling til kompetansemål og fullfinansiering gjennom tildelte midlar.

Hugo og Hilde kjem med forslag på nytt møtetidspunkt.

14.10.26

Hilde Andersen
Rektor og referent